

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 330/2009

2014/EØS/75/08

av 22. april 2009

om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av sesongprodukt i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellelskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽¹⁾, særleg artikkel 4 tredje leddet og artikkel 5 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI-ar) er harmoniserte inflasjonstal som Kommisjonen og Den europeiske sentralbanken krev for å kunne utføre oppgåvene sine i medhald av artikkel 121 i EF-traktaten. HKPI-ane er utforma på ein slik måte at det skal verte enklare å gjennomføre internasjonale jamføringar av inflasjonen i konsumprisane. Dei tener som viktige indikatorar for forvaltninga av pengepolitikken.
- 2) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 2494/95 skal kvar medlemsstat, som ein del av gjennomføringa av den nemnde forordninga, utarbeide ein HKPI som skal gjelde frå og med indeksen for januar 1997.
- 3) I kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96 av 9. september 1996 om innledende gjennomføringstiltak for rådsforordning (EF) nr. 2494/95 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽²⁾ er det fastsett at den harmoniserte konsumprisindeksen skal omfatte dei varene og tenestene som høyrer inn under konsum i hushald på det økonomiske territoriet til medlemsstaten i eitt av eller begge tidsromma som vert jamførte.
- 4) I artikkel 2 i kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96 av 20. november 1996 om harmoniserte konsumprisindeksar: oversending og formidling av delindeksar under HKPI⁽³⁾

er det fastsett ei inndeling av COICOP/HKPI⁽⁴⁾ etter hovudgruppe (tosifra nivå), gruppe (tresifra nivå) og undergruppe (firesifra nivå).

- 5) I artikkel 2 i kommisjonsforordning (EF) nr. 2454/97 av 10. desember 1997 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for kvaliteten på vekter i HKPI⁽⁵⁾ er «referanseperiode for vekter» for ein HKPI definert som ein forbruks- eller utgiftsperiode på tolv månader. I samsvar med artikkel 3 i den same forordninga skal medlemsstatane kvar månad utarbeide HKPI-ar på grunnlag av vekter som speglar av utgiftsmønsteret til forbrukarane i referanseperioden for vekter.
- 6) Vektene på hovudgruppe-, gruppe- og undergruppenivå i COICOP/HKPI skal difor ikkje variere frå månad til månad gjennom året. Vekter på eit meir detaljert nivå i COICOP/HKPI kan likevel tillatast for å spegle av sesongbundne svingingar i forbruksmønsteret. Sjølv om indeksar med og utan sesongbundne svingingar i vektene oppfyller ulike statistiske mål, kan restriksjonar i metodikken sikre at desse to metodane kan jamførast, i tillegg til at medlemsstatar innanfor den same metoden kan jamførast.
- 7) Sesongprodukt er vanlegvis ikkje tilgjengelege, eller dei vert kjøpte i svært avgrensa mengder i visse periodar i ein årssyklus, og i samsvar med artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1749/96 bør utrekna prisar nyttast når målutvalet krev at det vert gjort observasjonar sjeldnare enn kvar månad av dei faktiske prisane gjennom året.
- 8) I kommisjonsforordning (EF) nr. 1921/2001 av 28. september 2001 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for revisjon av den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av forordning (EF) nr. 2602/2000⁽⁶⁾ er det fastsett ei ramme for revisjonar av HKPI-ane.

(*) Denne fellelskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 103 av 23.4.2009, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 111/2009 av 22. oktober 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 68 av 17.12.2009, s. 11.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3.

⁽³⁾ TEF L 296 av 21.11.1996, s. 8.

⁽⁴⁾ Klassifikasjon av individuelt konsum etter føremål og tilpassa behova i samband med HKPI-ar.

⁽⁵⁾ TEF L 340 av 11.12.1997, s. 24.

⁽⁶⁾ TEF L 261 av 29.9.2001, s. 49.

- 9) I artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 2494/95 er det fastsett at HKPI-ar som er ulike fordi det er nytta ulike omgrep, metodar eller ulik praksis ved defineringa eller utarbeidinga av dei, ikkje skal kunne jamførast. Dei metodikkane som vert nytta for sesongprodukt i medlemsstatane, er svært ulike, og resultatane kan kanskje ikkje jamførast i tilstrekkeleg grad. Det bør difor nyttast ein harmonisert metode for sesongprodukt i HKPI-ane for å sikre at dei HKPI-ane som vert utarbeidde, vil kunne jamførast og vere pålitelege og aktuelle i samsvar med krava i artikkel 4 tredje leddet og artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95.
- 10) Den europeiske sentralbanken er vorten rådspurd i samsvar med artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95⁽¹⁾.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for statistikkprogrammet, som vart oppnemnt ved rådsavgjerd 89/382/EØF, Euratom⁽²⁾ —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Mål

I denne forordninga er det fastsett minstestandardar for handsaming av sesongprodukt, slik at dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI-ane) vert lettare å jamføre og meir pålitelege og aktuelle.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

- «sesongprodukt» dei varene og tenestene som ikkje er tilgjengelege for kjøp, eller som vert kjøpte i små eller svært avgrensa mengder i visse periodar i ein typisk årssyklus. Sesongperioden vert rekna for å vare minst ein måned,
- «COICOP/HKPI-underoppdeling» COICOP/HKPI-undergruppe med omsyn til varer og tenester i ei COICOP/HKPI-undergruppe, og COICOP/HKPI-gruppe for grupper

som ikkje er delte inn i undergrupper i samsvar med den harmoniserte COICOP/HKPI-klassifikasjonen slik han er fastsett i forordning 1749/1999 av 23. juli 1999 om endring av forordning (EF) nr. 2214/96 om delindekser under de harmoniserte konsumprisindekser⁽³⁾,

- «prisutrekning med berre sesongprodukt» utrekning av ein pris for eit produkt som er utanfor sesong, slik at
 - i den første månaden av perioden utanfor sesongen er den utrekna prisen den same som ein typisk pris i den føregåande sesongperioden, og
 - frå den andre månaden er den utrekna prisen den same som den utrekna prisen i den føregåande månaden, justert for den gjennomsnittlege endringa i observerte prisar for alle sesongprodukt som er i sesong og høyrer inn under den same COICOP/HKPI-underoppdelinga,
- «prisutrekning med alle produkt» utrekning av ein pris for eit produkt som er utanfor sesong, slik at
 - i den første månaden av perioden utanfor sesong er den utrekna prisen den same som ein typisk pris i den føregåande sesongperioden, og
 - frå den andre månaden er den utrekna prisen den same som den utrekna prisen i den føregåande månaden, justert for den gjennomsnittlege endringa i observerte prisar for alle tilgjengelege produkt som høyrer inn under den same COICOP/HKPI-underoppdelinga,
- «indeks med faste årlege vekter» ein prisindeks der det vert nytta vekter som er uendra frå måned til måned innanfor det same året på alle nivå i indeksutrekninga,
- «indeks med sesongvekter på undergruppenivå» ein prisindeks der det vert nytta vekter som innanfor det same året
 - er uendra frå måned til måned for kvar COICOP/HKPI-underoppdeling som heilskap,
 - er uendra frå måned til måned for produkt innanfor ei COICOP/HKPI-underoppdeling som ikkje inneheld sesongprodukt,

⁽¹⁾ TEU C 58 av 12.3.2009, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

⁽³⁾ TEF L 214 av 13.8.1999, s. 1.

- i sesongen er uendra frå månad til månad for produkt innanfor ei COICOP/HKPI-underoppdeling som inneheld sesongprodukt, bortsett frå når det er naudsynt å tillate månadlege endringar i samansetnaden av korga.

Artikkel 3

Verkeområde

1. Minstestandardane skal nyttast på sesongprodukt innanfor følgjande undergrupper og grupper i COICOP/HKPI

01.1.3 Fisk

01.1.6 Frukt

01.1.7 Grønsaker

03.1 Klede

03.2 Skotøy

2. Der det er aktuelt, skal minstestandardane nyttast som rettleiing og med omsyn til sesongprodukt innanfor andre COICOP/HKPI-undergrupper og -grupper enn dei som er oppførte i nr. 1.

Artikkel 4

Minstestandardar

1. Sesongprodukt skal for kvar månad reknast for å vere anten i eller utanfor sesong. Sesongperiodar kan variere frå år til år.

2. Ein delindeks under HKPI på elementært produktgruppenivå skal vere ein indeks med faste årlege vekter, eller ein indeks med sesongvekter på undergruppenivå.

3. For ein HKPI som er ein indeks med faste årlege vekter, skal utrekna prisar nyttast på sesongprodukt som er utanfor sesong, i samsvar med artikkel 6 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 1749/96.

4. For ein HKPI som er ein indeks med faste årlege vekter, skal utrekna pris for eit sesongprodukt som er utanfor sesong, fastsetjast anten ved prisutrekning med berre sesongprodukt, eller ved prisutrekning med alle produkt. Prisutrekning med berre sesongprodukt er likevel å føretrekkje dersom medlemsstatane finn at dette er mogleg å gjennomføre med omsyn til tilgjengelege observerte prisar, noko som kan vere tilfellet for klede og skotøy. Dersom prisutrekning med berre sesongprodukt ikkje vert rekna som mogleg å gjennomføre, skal det nyttast prisutrekning med alle produkt.

5. For ein HKPI som er ein indeks med sesongvekter på undergruppenivå, får eit sesongprodukt utanfor sesong ei vekt på null.

6. For ein HKPI som er ein indeks med faste årlege vekter, kan utrekningar og gjerast på eit meir detaljert nivå enn COICOP/HKPI-underoppdelinga, t.d. på stratumnivå dersom det vert nytta eit stratifisert utval. For ein HKPI som er ein indeks med sesongvekter på undergruppenivå, kan sesongvekter og fastsetjast på eit meir detaljert nivå.

7. Prisendringar for sesongprodukt der den delen av det samla konsumet som kjem inn under HKPI, gjennom ein typisk sesongperiode er forventa å utgjere minst to tusendelar, skal inngå i HKPI.

8. Vektene for sesongprodukt skal utarbeidast og ajourførast når det er naudsynt i samsvar med artikkel 2 og 3 i forordning (EF) nr. 2454/97. Dersom utrekninga av indeksen krev ajourføring av vekter, skal gjennomsnittsprisane for den månaden som vert nytta i den årlege ajourføringa, utgjere grunnlaget for dei indeksane som vert nytta.

Artikkel 5

Jamføringsevne

HKPI-ar som er utarbeidde etter andre standardar enn dei som er nemnde i artikkel 4 i denne forordninga, vert rekna for å kunne jamførast dersom dei fører til indeksar som ikkje systematisk skil seg frå ein indeks som er utarbeidd etter føresegnene i denne forordninga, med meir enn

- a) eit tidels prosentpoeng i gjennomsnitt i eit år jamført med året før for den samla HKPI-en,
- b) tre, fire eller fem tidels prosentpoeng i gjennomsnitt i eit år jamført med året før for ei hovudgruppe, gruppe eller undergruppe i COICOP/ HKPI,
- c) eit tidels prosentpoeng i gjennomsnitt i éin einskild månad jamført med månaden før for den samla HKPI-en.

Artikkel 6

Gjennomføring

Dei endringane som følgjer av denne forordninga, særleg artikkel 4, skal nyttast frå desember 2010 og få verknad saman med indeksen for januar 2011.

Artikkel 7

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. april 2009.

For Kommisjonen

Joaquín ALMUNIA

Medlem av Kommisjonen
